



Miljødirektoratet
v/ Statsforvalteren i Nordland
sfnopost@statsforvalteren.no

28. januar 2021

KLAGE – LØYVE TIL UTPLANTING AV UTANLANDSK TRESLAG TIL SKOGPRODUKSJON – GNR/BNR 93/1 – VESTVÅGØY KOMMUNE

Vi viser til sak 2020/1449, vedtaksdato 12.1.2021.

Klazarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket er feil, og at det ikkje kan gjevast løyve til å plante ut lutzgran. Vi ynskjer også at klaga vår gjes oppsetjande verknad.

Planteplikt

Det er i søknaden grunngeve at det har vore hogd på søkte areal og at nyplanting følgjer av planteplikta. Det blir hevda av søkjar at det berre er lutzgran som kan vekse på denne staden som følgje av sterk vind.

Plikten til å plante etter hogst følgjer av skogbrukslova § 6 og bærekraftforskrifta §§ 6-8. Samtidig gjeld også Aichi-måla som er ein del av FN-konvensjonen om biologisk mangfald (CBD), mål 9: *Innen 2020 er fremmede skadelige organismer og deres spredningsveier identifisert og prioritert, utvalgte organismer er kontrollert eller utryddet, og det er innført tiltak for å kontrollere spredningsveier for å hindre introduksjon og etablering.*

Mynde har difor ikkje rett til å pålegge nokon å plante framande artar. Planteplikta må referere seg til artar som finst naturleg på staden. Når ein kan anta at det ikkje er noko stadeige treslag som kan gje noko drivverdig resultat på staden, har ikkje lenger planteplikta

Naturvernforbundet
Mariboegate 8
0183 Oslo
naturvern@naturvernforbundet.no

Sabima
Mariboegate 8
0183 Oslo
sabima@sabima.no

WWF-Norge,
Postboks 6784 St. Olavs
Plass, 0130 Oslo
wwf@wwf.no

noko innhald. Planteplikta må vere avgrensa til at ein planter det som var på staden før omlaupet med sitkagran/lutzgran. I dette høvet har det truleg ikkje vore skog på staden på hundrevis av år.

Mynde kan ikkje pålegge skogeigar å plante lutzgran utan at det er i konflikt med internasjonale plikter. Mynde skal tvert om syte for at ein får kontroll med framande treslag som er på rømmen. Det kan ved handsaminga av søknaden no, ikkje leggest noko vekt på at søkjar vil oppfylle planteplikt.

Plantelokaliteten

I vedtaket står det om arealet søkjar vil plante på: *«Området hadde dreneringsgrøfter, men jorden var fortsatt relativt fuktig. Ut ifra nærliggende myrer kan en anta at det tidligere har vært bakkemyr her. En kunne se på naboplantefeltene at det er relativt dårlige vekstforhold i bakken der de står.»*

Sjølv om staten sikkert meinte det var bra ein gong å grøfte myr for å plante skog på denne staden, så er ikkje dei same vurderingane utan vidare gyldige no. I FN sitt tiår for naturrestaurering er det høgst aktuelt å tette grøfter slik at naturen om ei tid kan fungere naturleg. Søkjar bør difor få tilskot til restaurering av myr i staden for løyve til å halde fram med skog på staden. Det er særleg aktuelt når boniteten truleg er låg.

Areala rundt omsøkte lokalitet

Ein del areal kring omsøkte lokalitet er i 2015 rekna som kalkfattig boreal hei (raudlista som sårbar – VU – på raudlista for naturtypar frå 2018) av Miljøfaglig Utredning. I 2015 blei ikkje kalkfattige lokalitetar av boreal hei lagt inn som lokalitet, så lokaliteten ligg ikkje på kart.

Mot nordvest finst det ein lokalitet, Floget ved Klevstad, ei naturbeitemark med verdi viktig. I vest ligg ein liten lokalitet Holdøl sør, av same type og verdi. Denne naturtypen er ført opp som sårbar (VU) på raudlista frå 2018. Det finst også noko myr, truleg av fleire forskjellige typar, som ein ikkje veit så mykje meir om.

Viktigaste trugsmålet mot desse semi-naturlige naturtypane er attveksing, delvis som følge av manglande bruk, dels som følge av klimaendringar. Framande treslag vil bidra ytterlegare til attveksing og degradering av naturtypane. Vi veit ikkje noko om beitebruken i området, men viss beitetrykket er godt, så vil frøspredde bartre ofte bli beita så snart dei spirer. Viss det ikkje blir beita eit år eller to, vil slike frøspredde tre berre bli noko redusert av seinare beiting, utan at dei dør.

Frøspreiing og vindretning

Søkjar seier noko om vind:

NORSK GRAN ER ET DÅRLIG ALTERNATIV PÅ ET
SÅ VINDUTSATT OMRÅDE SOM BORGÉ. FOR Å OVEHOLDE
FORVINGELESSEPLIKTEN ER EN NESTE AV HEGG AV
Å BRUKE LUTZII.

Statsforvaltaren seier i sitt vedtak om vind:

Mesteparten av heia er veldig vindutsatt. Det vil være vanskelig for gran å etablere seg på de vindutsatte områdene i heia. Naturlig spredningsvei for frø er nedover lia mot bebyggelsen.

Det er busetnad i fleire retningar, men det har ikkje så mykje å seie om ein ikkje veit kva for busetnad det er sikta til. Over nokre år må ein rekne med frøspreiing i alle retningar. Registreringane i 2015 og 2020 fortel at lutzgran/sitkagran ikkje har det minste problem med å etablere seg i området. At gran har vanskar for å etablere seg på vindutsette område må sikte til noko anna, t.d. at det på slike stader truleg berre er lutzgran som kan bli til sagtømmer.

Når det gjeld registreringane frå 2015 og 2020 seier desse mest om kvar ein har vore på synfaring. Det er lite sannsynleg at områda utan gule og raude punkt er utan spreiring av lutzgran og sitkagran. Det vil t.d. vere overraskande om det ikkje er spreiring til områda nord for Bjønntuva.

I vedtaket til statsforvaltaren står det at det ikkje blei registrert nokon langtidslevedyktige rømlingar av sitkagran i den boreale heia. Vi reknar med at det her blir sikta til at toppane har lett for å vere tørre på slike tre. Men det er ikkje det same som at dei ikkje er levedyktige. Mange nåletrær får vinterskade på den delen av trea som stikk opp av snøen. Dei har samtidig ofte greinkransar nede ved bakken som utviklar seg ganske mykje og ikkje blir sett tilbake av vinteruttørkinga. Det vil vere rettare å seie at ingen av desse vil få nokon god tømmerkvalitet. Nokre av desse vil nok seinare bli grunnlag for vegetativ formeiring på same måten som gran nær skoggrensa. Nokre av dei kan moglegvis få kongler også, sidan dei ofte er gamle sjølv om dei ikkje er så store. Dei vil etter kvart i alle fall vera godt i stand til å produsere og spreie frø vidare utover i landskapet.

Vesentleg uheldige følgjer

Det følgjer av §7 i forskrifta om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål:

«Det kan ikke gis tillatelse hvis det er grunn til å anta at utsettingen vil medføre vesentlige uheldige følger for det biologiske mangfold.»

Rettleiaren har ei matrise som syner skilnaden mellom dei ulike gradane.

	Uheldige følger for naturmangfold (inkl. landskapsmessig og geologisk mangfold)	Vesentlige uheldige følger for biologisk mangfold
Naturtyper	Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av nær truede naturtyper	Reduksjon i areal, tilstand eller antall lokaliteter av truede naturtyper

I denne saka er det både boreal hei og naturbeitemark som er ført som truga naturtypar. Det er liten tvil om at det vil bli spreining til desse areala. Det er heller ikkje tvil om at spreining til slike lokalitetar er eigna til å føre til attgroing. Rømlingar som ikkje blir fjerna vil føre til problem på noko sikt.

I rettleiaren står det til § 7:

Første ledd tredje setning: Tredje setning i bestemmelsen setter en absolutt grense for når myndighetene kan gi tillatelse til utsetting. Dersom det er grunn til å anta "vesentlige uheldige følger" for det biologiske mangfoldet, har myndighetene ikke lov til å gi tillatelse til utsetting. Det trenger ikke å være sannsynlighetsovervekt for at vesentlige uheldige følger vil inntre. Dette gjelder selv om andre viktige samfunnsinteresser taler for en tillatelse.

Vidare:

Når en art i Norsk svarteliste 2012 er oppført med svært høy risiko (SE), vil det normalt ikke være hjemmel til å tillate utsetting. Det samme vil kunne gjelde for arter med høy økologisk risiko (HI).

Det tyder at det uansett må vere særskilde grunnar for at ein skal gje løyve. Sidan det i denne saka også er tale om graden «vesentleg» så er det bom stopp for å gje løyve. Når det er tale om vesentleg grad så skal det heller ikkje gjerast noka vurdering etter naturmangfaldlova § 14. Viss det skal gjerast vurdering etter § 14 er det elles nødvendig at ein ikkje berre tar med inntektsida, men også den andre sida. Då må ein i dette høvet mellom anna gå inn på verdien av myr når det gjeld klima, og kostnadene med å jakte rømlingar.

Ny planting gjer auka belastning

Det følgjer av vedtaket at det står 500 dekar med frøproduserande sitka/lutzgran i området. Det tyder at det om ikkje så lenge blir hogst av store delar av arealet. Viss det ikkje blir planta på nytt på omsøkte teig, vil det i så fall vere mogleg at det ikkje lenger er gran i området, anna enn rømlingar. Blir det planta no, vil det vere lutzgran ein del tiår etter at resten er hogd. Her er to moglege alternativ, og det eine alternativet gjev ein vesentleg lengre periode med frøspreining om det blir planta no. Løyve til ei ny tilplanting med lutzgran vil gje auka belastning med omsyn til frøproduksjon og påverknad på omkringliggende areal.

Eigedomstilhøve

I følgje Gislink er det ein del grunneigarar i området der ein må rekne med frøspreiing. Det er også nokre eigedomar utan matrikelnummer, noko som ofte tyder at det kan vere sameige. Såleis vil det vere krevjande å få løyve frå alle desse til å drive med rømlingjakt. Det vil gje betydelige meirkostnadar for forvaltninga og samfunnet.



Eigedomsgrenser jf. Gislink 15. januar 2021

Internkontroll

Søkar har ikkje sagt særleg mykje om internkontrollsystem. Statsforvaltaren burde på generell basis etterspørje skisse til internkontroll frå søker før søknadar er ferdigbehandla, då dette er av vesentleg betydning for i kva grad spreiiing kan avgrensast og følgjes opp. Sidan internkontrolltiltak, særleg kontroll med langdistansespreiing, vil koste ein del er det naudsynt at slike kostnader kjem til syne før vedtak blir gjort, slik at både søkar og forvaltning kan ta høgde for dette i sine vurderingar.

Tidlegare sak i same område

27. mars 2017 avgjorde Miljødirektoratet ei sak på gnr. 76/8 i Vestvågøy¹. Den saka ligg ikkje lenger unna enn at ho er høgst relevant også for noverande sak.

Vi tar med eit avsnitt frå Miljødirektoratet si avgjerd. Naturbeitemarkslokalitetane og den boreale heia som er nemnt er dei same som i saka no.

Også for lutzgran, som er vurdert som en lav-risiko art av Artsdatabanken, er det registrert både kort- og langdistansespredning fra utplantinger i Nord-Norge^{2,3}. Hovedtyngden av foryngelse av lutzgran ble funnet nær morbestandet, og sannsynligheten for etablering varierte mellom naturtyper.

Sannsynligheten for etablering var høyest på mark preget av menneskeskapt forstyrrelse, påtakelig i åpne naturtyper som hei, ur og myr, men også i skog. Samme rapport peker videre på at de fleste plantefelt med fremmede bartrær er unge, og trolig ser vi derfor bare begynnelsen av spredningen av slike arter. Miljødirektoratet slutter seg til Fylkesmannens vurdering om risiko for spredning inn i to lokaliteter naturbeitemark (B-verdi). I tillegg er det risiko for spredning inn i boreal hei, en naturtype som er rødlista på grunn av mangelfullt datagrunnlag.

Sidan då er raudlista for naturtypar revidert, slik at boreal hei no er (VU) sårbar. Og lutzgran er oppjustert til svært høg risiko (SE) på framandartslista frå 2018. Elles var sumverknad tatt opp i Miljødirektoratet si klageavgjerd. Viss ein avslår denne saken, er det starten på å få til ein reduksjon av samla påverknad.

Konklusjon

Det er ikkje høve til å gje løyve til bruk av lutzgran sidan frøspreiing kan skade truga naturtypar. Verknaden over tid er vurdert feil. Omsøkte område bør heller restaurerast til fungerande myr. Grunneigartilhøve i spreingsområdet er uoversiktleg. Søknaden må difor avslåast.

Oppsetjande verknad av klage

Ein ber om at det ikkje blir planta ut noko før klaga er avgjort.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgjevar naturmangfald, WWF Verdens naturfond

¹ <https://www.miljovedtak.no/Vedtaks%C3%B8k/VisSak?SakId=8418>